



Tryggheimhelsing



På fransk
kafé
s. 10



Først ute
med arbeids-
livsfag
s. 6



Misjons-
prosjektet
s. 8-9



KJEMIGJENGEN

s. 4-5

Rektor har ordet



Relasjon skule og eigar – ressurs eller problem?

I februar var det invitert til felles rektorkonferanse for skulane til Indremisjonsforbundet, Normisjon og Norsk Luthersk Misionssamband på Gran på Hadeland. Skuleeigarane prioriterte denne samlingen. Generalsekretærane Rolf Kjøde, Erik Furnes og Øyvind Åslund var alle blant bidragsytarane.

Kva vil vi med skulane?

Anfinn Skaaheim hadde ei engasjert innleiing på rektormøtet. Han peika på visjonen som det berande i skulinearbeidet. Visjon – noko du ser og festar blikket mot – noko du vil med skulen. Utan visjon er det lett for at arbeidet ramlar frå kvarandre. Ein må difor i skulinearbeidet hjelpe kvarandre til å sjå noko, sjå det same – mot same mål. Det gjeld det faglege, det gjeld det sosialpedagogiske, og det gjeld det mest utfordrande - det å vere ein kristen skule, forklarte Skaaheim.

Trur de på det de held på med?

Trur de på det de held på med? spurte Skaaheim. På ein skule var dei usikre i dette spørsmålet. Dei dreiv godt, både fagleg og teknisk, men det held ikkje. Kristne friskular må blankpusse kva dei vil. Dei må kjenne si historie. Dei må vere villige til å stille kritiske spørsmål – i høve til overordna mål. Dette er avgjerande for skulen si vidare utvikling. Her må skulane finne ein god balanse mellom visjonsfokus og skulekvardagen sine mange gjeremål. I dette er det og viktig med god rekruttering, heldt Skaaheim fram, og peika på kvalifikasjonar som er heilt

naudsynte på kristne friskular ut over det faglege.

Friskular i vinden

Det har vore ein laber periode med tanke på friskular, sa Skaaheim vidare på Gran. Det trengs fleire kristne skular. Viss vi sluttar å tenke nye skular, så er noko av visjonen gått tapt. Då er noko blitt borte. Er det no kanskje ei markert endring omkring dette i landet vårt? Tryggheim ungdomsskule treng meir plass. Det er difor sendt inn ein søknad om midlertidig bruksendring av lokale. Dette vart fanga opp av media (Jærbladet) slik at både tv, radio og aviser har funne dette interessant. No har og biskop Erling Pettersen og KrF-politikar Dagfinn Høybråten engasjert seg. Her er framleis ulike meininger, men hjå kristne foreldre er det ei mykje større forståing for å nytte kristne friskular i dag enn for berre 10-15 år sidan.

Skule og eigar

Generalsekretær Kjøde tok fram at det er gitt ein visjon og klare verdiar for skulane. Det er kanskje den viktigaste ressursen eigarane kan gje skulane – å halde fram kva vi vil, kva som bær oss og kvifor.

Mistar vi det perspektivet, så har skulane mista mykje av hensikta, framheldt Kjøde. Difor er det ønske om ein aktiv eigarskap - det må vere samsvar mellom skulen og eigarane sine verdiar.

Generalsekretær Åslund fokuserte vidare på den viktige, lokale eigarskapen. Det er ikkje sjølvsgått at dei er med. Men skulane treng misjonsfolket – deira engasjement, omsorg og forbøn. Møt dei, informer dei og reklamer for skulen! Det gjeld rekruttering, og det gjeld å halde visjonen levande også lokalt.

Skaaheim meinte at kontakten med misjonsfolket har vorte dårligare. I gamle dagar var skulane heilt avhengige av denne kontakten – bl.a. i form av gåver, dugnad og økonomisk støtte. Har ein mista noko etter at statstilskotet kom? spurte han.

Skuleåret vart eit vendepunkt

Det vart på fleire måtar ei nyttig samling på Gran. Vi fekk bekrefta endå ein gong vitnesbyrdet frå mange ungdomar: Det var dette skuleåret som berga meg, menneskeleg tala – men det vart og eit andeleg vendepunkt.

Vi ønskjer å halde god kontakt med Tryggheimvenene, forbedarane, eigarane og misjonsfolket. Tryggheim har eit formål og ein visjon. Denne ønskjer vi å blankpusse både internt og saman med dykk. Tusen takk for omsorg, forbøn og gåver!

Dersom Herren ikkje bygger huset, arbeider bygningsmennene til fånytte, Sal 127,1.

Av Gjermund Viste

«Kva er meiningsa med livet?»



Istockphoto

Ein av dei siste dagane eg var i Indonesia, fekk eg eit uventa spørsmål frå ein muslimsk ven. «Kva er meiningsa med livet?» spurde han ut av det blå. Viss mannen hadde vore ein ateist, hadde det kanskje vore nærliggjande for meg å seia at meiningsa med livet er å koma til himmelen. Men sidan venen min er muslim og trur både på ein gud og på ein himmel, dreiv spørsmålet hans meg til å tenkja nærmare over kva eg skulle svara.

Me tenkjer gjerne at målet for livet vårt er å verta frelst, men faren er at denne tanken vert misforstått. Den muslimske venen ville ha sagt seg einig, men ville hatt heilt andre tankar om kva frelse inneber. Mange i Noreg har óg misforstått, trur eg.

For ein del år sidan stod eg på ein flyplass i England og skulle heim til Noreg. Eg vasa meg vekk i tax-free'en, og koste meg i havet av sjokolade og karamellar. Plutseleg innsåg eg at tida heldt på å gå frå meg, og det var med naud og neppe at me rakk flyet heim. Men, altså; me rakk det. Nokre vil seia at det var ei glitrande disponering av tida: det er betre å bruka tida på tax-free'en enn på dei harde vente-benkane eller inne på det tronge flyet. Somme disponerer livet sitt på denne måten. Dei har som mål å venta lengst mogleg før dei går om bord i «flyet» heim til himmelen, og tenkjer at den optimale utnyttinga av livet er å leva på «tax-free'en» lengst mogleg, og så omvenda seg i siste augneblinken.

Viss me seier at meiningsa med livet er å bli frelst, vil ikkje desse innsjå kor feil dei tek. Difor vert det litt mangefullt å seia at den kristne bodskapen er at me får fribilett heim til himmelen. Me treng å få fram at Evangeliet handlar om ein relasjon med Himmelens konge.

Me må ikkje berre sjå på livet her som ei ventetid slik som den eg opplevde på flyplassen i England, og at me har ein fribilett me må nytta før flyet går. Det handlar meir om at me sit i godstolen heime og at Kongen kjem og bankar på døra vår. Me veit at det er Kongen som står der ute, og me veit at han vil inn og vera saman med oss. Men me dryger med å opna for han. Me har eit eller anna me held på med, og tenkjer at Kongen kan venta på trappa så lenge. Tenk å la Kongen stå ute på trappa! Kvar dag me dryger og let Jesus stå og venta på trappa vår, påfører vi han ei sorg, og det fråtek oss eit høve til å få ein djup og fortruleg relasjon til han. «Me lever for å læra å elska han,» har nokon sagt. Det er meiningsa med livet: å elska og æra Han som har skapt oss, frelst oss, og som ynskjer å ha oss hos seg. Det er ei vandring saman med han, som byrjar her, og som held fram i himmelen. Lat det vera vår bøn at kvar dag må vera eit steg i retning dette målet for oss og andre:

To see Him more clearly

To love Him more dearly

To follow Him more nearly



Magne Vatland

Med kjemi på timeplanen

Vil du lære å lage såpe? Eller vil du kunne lese varedeklarasjonen bakpå hudkremtuben og faktisk forstå hva den inneholder? Vil du vite hvorfor egg som har blitt gamle eller kokt for lenge, blir grønne rundt plommen? Eller er du ganske enkelt bare interessert i å få mer greie på hva som skjer hvis du blander et stoff med et annet? I så fall bør du velge programfaget kjemi!

Dette sier entusiastiske elever i faget Kjemi 2. De går 3. klasse på studiespesialisering i år.

- Hvorfor valgte dere kjemi?

Det blir litt usikker mumling før de første begynner å huske to år tilbake i tid da de var 1.-klassinger og skulle velge programfag.

- Jeg trodde jeg skulle få sprengje noe, men det har jeg ikke fått ennå, sier Sondre muntert.

- Det var et fag som passet greit inn på timeplanen. Og så er det så mange morsomme farger, humrer Aleksander som synes han bør følge opp med like viktige argumenter for å ha studert kjemi i to år. Sondre og Aleksander er de eneste hanene i kurven dette året, men ser ut til å trives svært godt blant jentene.

- Nei, nå må vi bli mer alvorlige her, finner noen av jentene ut.

- Jeg valgte kjemi fordi det er det kjekkeste faget, sier Gjertrud. Og det mener jeg også, legger hun til med stor entusiasme, så ingen skal tro at hun sier det til ære for intervjueren. Hun forteller at hun bestemte seg allerede på høsten i 1. klasse da skolen



Inga, Gjertrud og Maria har klart å lage sølvspel – ennå finere enn bildet i læreboken



Ikke alle forsøk fremstår som helt ufarlige, Ingrid Katrine og Marianne holder seg på litt avstand

arrangerte «Åpen dag». Der kan interesserte elever og foreldre komme og se litt mer av hvilke fag og studieretninger som tilbys.

- På kjemirommet fikk vi lov til å lage vår egen sminkefjerner, og det var så gildt at jeg bestemte meg for å velge kjemi! Inga mener hun valgte faget fordi det hørtes spennende ut, og forteller at hun har brukt noe av kunnskapen sin hjemme

allerede.

- Etter at vi lærte hva som skjer når vi blander maisenamel og vann, hadde jeg en demonstrasjon for familien min. De ble veldig imponert!

- Det ble familien min også, forteller Ingrid Katrine, som har gjort akkurat det samme selv. Hun legger ellers til at hennes store motivasjon for å velge kjemi var å få lage «Slime», et ønske som gikk



Hva skjer når vi heller såpevann i tørris?

Ekstra trygghet på Tryggheim



Tsion og Ingrid sammenligner fargene på prøver som viser nitratinnhold i ulike vannprøver

i oppfyllelse allerede i fjor. Og siden hun sitter her ennå, får vi tro at forsøket ga mersmak til å fordype seg ennå mer i kjemiens verden.

Ellers er de enige om at selv om kjemi kan være et litt vanskelig og krevende fag av og til, så er det ikke av de vanskeligste.

- Du kan klare deg godt i kjemi og få med deg realfagpoengene uten å ha en «mattehjerne» mener Inga.

- Og så er det så gøy med forsøk, sier Sondre. Vi lærer faget på en kjekk og praktisk måte.

Det ultimate kjemiforsøket for Sondre er det som ender i flammer og røyk, og i høst fikk han til fulle oppfylt drømmen sin. Forsøket, som gikk helt galt bl.a. på grunn av et avtrekk som ikke virket, endte i altfor mye røyk og litt for store flammer – som Sondre elegant slukket ved bruk av brannteppet som er montert på veggen.

- Dette var den kjekkeste kjemitimen vi har hatt, istemmer Ingrid.

Så må jeg få vite om det er noen som har tenkt å gå videre med kjemi når de er ferdige på videregående. Det er det faktisk! Gjertrud kan tenke seg å bli forsker innen kjemi, både Inga og Sondre har tenkt å studere «noe med kjemi» på NTNU, Maria skal søke kjemilinjen ved en ingeniørhøgskole, og Stine vil bli realfaglærer.

- Jeg kan tenke meg å bli rakettforsker, sier Aleksander lurt.



Aleksander og Sondre koker såpe – de synes lilla såpe blir best

Selv om det meste høres veldig positivt ut, så er det en liten ulempe ved å ha valgt realfag, og det er at det ikke blir noen utenlandstur til USA eller Tyskland slik språkfagelevene får tilbud om. Men for ikke lenge siden fikk kjemiklassen en liten kompensasjon ved å dra på en miniutflukt til Ming-House på Bryne. Der gikk diskusjonen livlig rundt bordet på ekte kjemikervis: Hva er pH-verdien i den sur-søte sausen, hvilke av de tre hovedgruppene av næringsstoffer er det mest av i denne maten, og hva skjer med oljen når man frityrsteker banan? Opprinnelig hadde de tenkt å sitte rundt bordet med hvite labfrakker og beskyttelsesbriller, men «pinglet ut» i siste liten.

Uansett er alle enige om at de trygt kan anbefale årets førsteklassinger å velge studieretningsfaget kjemi.


Av Anne-Berit G. Aanestad



Hele KJ2-klassen samlet, bak f.v. Stine, Marianne og Erdina, 2. rekke ovenfra: Ingrid, Ingrid Katrine og Maria, foran: Sondre, Gjertrud (med kjemikaliesettet), Inga og Aleksander (Tsion var ikke tilstede da bildet ble tatt).



Ingrid og Stine med hvert sitt nylagde såpestykke – ble rosa eller turkis finest?



Kjartan og Knut trener på gjenoppliving

Våren 2011 var vi så heldige at vi fikk en hjertestarter av Time-Sparebank. Banken hadde jubileum og ga derfor bort flere hjertestartere. I november fikk ni av oss i personalet på videregående opplæring i bruk av denne. Tidligere Tryggheim-elev Tor Olav Knutsen var kursholder, og vi hadde tre timer med intensiv opplæring og trening. I februar fikk resten av personalet opplæring i hjerte- og lungeredning. Hjertestarteren henger på en sentral plass i bygget og er lett tilgjengelig. Vi håper jo selv sagt at vi aldri vil få bruk for den, men det er en stor ekstra trygghet i å ha den her.

Av Aud Sirevåg



Aud følger nøye med når Aud Oddrun over på førstehjelp med hjertestarter.

Først ute med arbeidslivsfag

- Arbeidslivsfag er det gildaste faget, for då slepp me å gå på skulen, seier Edvard Risa. Han er ein av dei første på Tryggheim ungdomsskule til å prøva ut det nye faget.

Ein ettermiddag kvar veke har åttandeklassingen ei god arbeidsøkt hjå AK Maskiner på Nærø. Der får han mellom anna skru på traktorar, som er noko av det kjekkaste han veit. At han får karakter på det arbeidet han gjør, ser ikkje ut til å gjera noko. Nokre gonger er han faktisk lenger på arbeid enn han må, i alle fall dersom han då slepp å vaska traktorane.

- Det passar godt å vera her, det er ei god førebuing til eg skal ta over garden heime. I dette faget får eg seksar, det er heilt sikert, seier Edvard med glimt i auga.

Vekk frå klasserommet

Tarjei Bjorland tek også arbeidslivsfaget hjå AK Maskiner, og er like nøgd som Edvard med å sleppa unna nokre teorfag. Han tykkjer arbeidslivet er fint, sjølv om einaste løna han får, er å «sleppa unna» klasserommet.

- Me kunne gjerne hatt fleire slike timer. Skule er ikkje så gildt, om du ser vekk i frå gym i alle fall, seier han. Begge er samde om at faget gir større motivasjon for skulen, i alle fall dei morgonane dei får fri fordi dei har vore i arbeid ein ettermiddag tidlegare i veka.

Færre val på vidaregåande

Arbeidslivsfaget kjem i staden for eit andre framandspråk som spansk eller tysk, og ved å velja vekk desse faga, vert vala for vidaregåande utdanning noko avgrensa. For Edvard og Tarjei hadde alternativet vore å ha engelsk fordjuping, slik det var før jul.

- Då fekk me litt hjelpe til engelsken som me går glipp av no, men det får berre vera. Me har uansett ikkje tenkt oss på studiespesialisering eller å ta mange år på skule, seier dei.

Knut Reier Indrebø



Edvard Risa vil mykje heller skru på traktorar enn å ha tysk eller spansk. Det får han sjansen til i det nye arbeidslivsfaget.

- Me har vore tidleg ute

Tryggheim ungdomsskule har vore tidleg ute både med arbeidslivsfaget og med å tilby fag på vidaregåande for ungdomsskule-elevar.

Først frå komande haust vert det lagt til rettes for at alle ungdomsskular i Noreg skal tilby vidaregåande fag for dei som treng det, gjennom det nye valfaget som då vert innført. Tryggheim ungdomsskule har difor vore langt før si tid.

- Heilt sidan me starta for snart sju år sidan, har me hatt elevar som har teke fag på høgare nivå enn der dei sjølv er, ofte på vidaregåande. Slik sett var me svært tidleg ute, seier leiar ved skulen, Tron-Arild Grødem.

- Eg tenkjer at dette er eit viktig tilbod til dei av elevane som treng større utfordringar. Det er viktig at elevane kjem i flytsona, der balansen mellom meistring og utfordring er riktig, seier Grødem.

Også når det gjeld ordninga med arbeidslivsfag, var Tryggheim kjapt ute



Tron-Arild Grødem

med å hiva seg på. Faget vart lansert førre haust, og Tryggheim kunne tilby faget allereie ved nyårsskiftet.

- Arbeidslivsfaget er tenkt for dei få, men er likevel veldig viktig for dei som ikkje synest skulen er allverda. Faget er til for dei som treng noko meir praktisk, og tilbakemeldingane så langt har vore svært gode. Ulempa er at dei elevane som vel dette, ikkje får like mykje språk som andre, men då kan dei heller bruka kreftene og motivasjonen på det dei har aller mest behov for. Det er ikkje alle som skal bli akademikarar, seier Grødem og legg til at vegen til akademia ikkje er stengd sjølv for dei som vel arbeidslivsfag – han er berre blitt meir kronglete.

Knut Reier Indrebø



Ungdomsskuleeleverne David Hovda og Marta Harestad tek spansk på vidaregåande. - Der får me passe utfordringar, seier dei.

Tjuvstartar på vidaregåande

- Eg har aldri vore elev i ein spansktime på ungdomsskulen, men eg har vore vikarlærar i spansk for medelelevane mine i niande klasse, seier David Hovda. Både han og Marta Harestad har snart fullført spanskfaget – på vidaregåande nivå.

Marta og David er misjonærbarn og har begge budd fleire år i Peru. Der kom spansken av seg sjølv ved at dei hørde språket rundt seg, leika med naboungar og las det på skilt og på varer i butikkane. Då dei skulle byrja på Tryggheim ungdomsskule, var spanskundervisninga der lagt opp på eit mykje lågare nivå enn dei sjølv var på, og det var difor meir naturleg å ta steget rett opp til vidaregåande då dei fekk tilbod om det. Det ligg godt til rettes for det, med ungdomsskule og vidaregåande på same plassen.

Passe utfordrande

- På ungdomsskulen lærer ein nesten berre

å seie hei og telje til ti, og det kunne me for lenge sidan. Då er det mykje betre å gå saman med elevar som er på same nivå som oss sjølv. På vidaregåande får me passe utfordringar, kommenterer Marta. Dei har ikkje opplevd det vanskeleg å sitja i klasserom saman med elevar som er eldre enn dei sjølv.

- Det var litt skummelt i starten. Men dei er snille, og ser ikkje ned på oss.

Mister undervisning

Det er likevel nokre ulemper ved å gå inn på ei slik løysing. Spansktime på ungdomsskulen og vidaregåande ligg ikkje parallelt, noko som betyr at dei går glipp av timar i andre fag enn spansk. Men det er ikkje noko problem, meiner dei to ungdomsskuleeleverne.

- Det er som regel meir enn ein skuletime kvar veke i dei faga som me er ute av, så me får jo med oss litt undervisning. Dersom me følgjer godt med i desse timane og gjer leksene grundig, klarer me å henga med, meiner David. For Marta sin del fører klassebytet til at ho får fleire plantimar, der ho kan arbeide med kva fag ho vil. Det ser ho ikkje på som noko ulempe, snarare tvert om.

Bonus på vidaregåande

Alternativet til ei slik løysing ville vore å få tak i bøker frå vidaregåande og ta ansvar for å lesa sjølv før ein avsluttande eksamen, noko som ikkje ville vore like freistande, trur Marta og David. Belønninga for strevet ventar når dei blir faste elevar på vidaregåande.

- I staden for å ta spansk på vidaregåande, kan me velja å ta eit anna og heilt nytt framandspråk, me kan ta andre fag som passar på timeplanen, eller me kan ta fri, smiler Marta.

Tekst og foto: Knut Reier Indrebø



VAKSINAR OG GLEDEBOD



Torill og Martin overstrålar Kilimanjaro (foto: Torill Gilje)

«Eg kjem til dykk med bod om ei glede for heile folket,» kunngjorde engelen den natta Frelsaren vart fødd (Luk 2,10). «Kvar han enn kom, til landsbyar, byar eller grender, sette folk dei sjuke ut på torget. Og dei bad om at dei i det minste måtte få røra ved dusken på kappefliken hans. Og alle som tok i han, vart friske», les me om Meisteren (Mark 6,56). Men både herold og hospital er langt unna frå der mange i verda bur. Føtene trøytnar, og endå bilen bruker for lang tid. Det er tid for å kalla på misjonsflya til MAF (Mission Aviation Fellowship). Russen og elevrådet på Tryggheim har gått saman om å samla inn til flygingar i Tanzania. Kontakt for prosjektet er Eivind Lindtjørn, MAF-pilot med base i Arusha.

Tryggheimhelsing har fått ein prat med Torill Gilje. Ho er frå Gilje i Gjesdal og er tredjeklassing på Tryggheim. I tillegg til



å vera den som har ansvar for misjonsprosjektet i russestyret, har ho saman med Martin André Østerhus vore ein tur i Tanzania og sett kva pengane går til.

- Dei fyrste dagane var me i Arusha. Me budde på Scripture Mission. Ein dag fekk me vera med ein eittåring til ein masaimarknad for å selja biblar. Bibelstanden var populær. Det kom mange og bladde i biblane, men ein stor del av folket kan ikkje lesa og skriva. Pengar er det heller ikkje overflod av. Difor vart salet mindre enn interessa. Elles var det mykje interessant å sjå på torget. Ein stad selde dei sandalar av utslitne bildek. Ein annan stad baud dei på geitekjøt. Det var seigt. Dei slakta geitene medan me såg på. Eg ville ta bilet, men då vart eg jaga med kniv.

- De vart ikkje verande i Arusha heile tida?

- Nei, tysdagen flaug me til Haydom. Der budde me i gjesteheimen til sjukehuset. Me fekk òg omvising på sjukehuset. Eg la merke til at det var svært mange underernærte born og mykje av brannskadar. Me fekk vita at standarden på sjukehuset er høg. Likevel såg det annleis ut enn sjukehusa i Noreg.



Afrikas framtid. Born frå Matala (foto: Torill Gilje)

Torill fortel vidare:

- Kvar månad flyg MAF eit team av legar og sjukepleiarar frå Haydom sjukehus til seks vanskeleg tilgjengelege stader. Der undersøkjer dei gravide, vaksinerer småborn og ser til sjuke. Mange nyttar seg av tilbodet, og færre born dør. Ofte tek flyet med ein evangelist. Slik fører flyturane òg til at fleire tek imot Jesus. Martin André og eg fekk vera med kvar vår dag, flyet ville måttå setja att medisinar om begge skulle fylgja samtidig. Eg kom til ein stad som heiter Matala og ligg ved Eyasi-sjøen nord i landet. Dei som bur der, høyrer til Datooga-folket. Dagen var avtala, så mange hadde møtt fram. Eg vart sett til å notera medan sjukepleiarane vog og stakk sprøyter. Slik gjekk arbeidet fortare. Ei av kvinnene som kom, var gravid for åttande gong. Mannen hadde tre andre koner, ei med seks og to med fire born.

- No skulle det smaka med mat. Det fann me i sentrum av Matala. Me valde nasjonalretten ugali, ein tjukk maisgraut. Om kvelden kom ein stor flokk av både born, unge og eldre. Dei song lovsongar saman. Misjonær Leif Thingbø var med og viste ein Jesus-film. I tillegg vart det vist ein film med informasjon om HIV-AIDS. Eg hadde fått nokre Jesus-kort eg skulle dela ut til borna. Dei tok imot korta som verdfulle skattar. Me slo opp telt og overnattat. Dagen etter reiste både Martin André og eg

PÅ KVITE VENGER



MAF-flyet til Eivind Lindtjørn (foto: Torill Gilje)

tilbake til Haydom med bil. Vegstandarden kunne vore betre, og etter som timane snigla seg fram, understreka både klokka og dei verkande kroppane kor viktig MAF er for å nå fram med hjelpa, og dermed også kor meiningsfullt misjonsprosjektet vårt er.

- Kor mykje pengar skal de samla inn til prosjektet?

- Då me starta, sette me som mål å få inn 480.000 kroner. Denne summen er passert, men pengane trengst, så det er ingen grunn til å stoppa. I november var alle elevane på skulen med på det me kallar OM-dag. Då får dei skulefri og finn seg ein stad å arbeida. Det dei tener, går til misjonsprosjektet. Dei som ikkje fekk

arbeid, selde gåvebevis. Me er meir enn 400 elevar på Tryggheim, og når kvar legg fleire hundre kroner på bordet, vert det pengar av det.

Same månaden hadde russen basar. Der fekk me òg inn ein god del. Elles har me hatt «misjonsløp», det vil seia at elevar spring ein viss distanse og får andre til å «sponsa» dei. Til våren skal me finna fleire måtar å få inn pengar på, for menneske i Tanzania har like stor rett til vaksinar og medisinlar som folk i Noreg. Dei som bur langt frå sjukehus er like glade i borna sine som dei som bur nær. Og gledeboden englane bar fram, gjeld alle og skal nå alle – med fly der det trengst, avsluttar Torill.

Av Ingvar Fløysvik



OM-dagen

Torsdag 3. november var det OM-dag på Tryggheim. Då fekk elevane fri frå skulen og arbeide til inntekt for misjonsprosjektet.

Tryggheimhelsing samla fire elevar og stelte dei nokre spørsmål:

1. Kva gjorde du på OM-dagen?
2. Kva veit du om misjonprosjektet?
3. Kva synest du om å bruka ein skuledag til å samla inn pengar til eit misjonsprosjekt?

Georg Nordbø (1. klasse, frå Finnøy)

1. Eg tømra saman med far, som er tømmermann. Me bygde på eit hus.
2. Me samlar inn til eit fly som hjelper misjonærane å nå stader ein vanskeleg kan koma til på annan måte.
3. Det er veldig greitt. Dei treng pengane meir enn me gjer. Dessutan er det kjekt å sleppa ein skuledag!

Marte Holmen (1. klasse, frå Etne)

1. Eg vaska, rydda og laga middag heime, og rydda, støvsuga og vaska for bestemor.
2. Me samlar inn til eit fly.
3. Det er ganske lurt. Me kunne velja mellom å arbeida og selja gåvebevis. Det blir masse pengar når ein heil skule samlar inn.

Espen Eiane Hall (2. klasse, frå Forsand)

1. Eg hjelpte til heime på garden, stelte i fjøset osb.
2. Me samlar inn til Tanzania. Der har dei bruk for eit fly.
3. Dei gjorde noko tilsvarende på den skulen eg gjekk før. Der vart det kalla Operasjon Dagsverk.

Lise Bryne Lura (3. klasse, frå Bryne)

1. Eg arbeidde heime, vaska bokhyller og alt anna i huset som trong utvasking.
2. Me samlar inn til eit fly i Tanzania. Dei flyg inn med medisinlar og liknande til folk som ikkje har veg, slik at alle skal få det best mogleg.
3. Det er ein god måte å læra oss å gje noko til andre, ikkje berre tenkja på oss sjølve.

Av Ingvar Fløysvik

Franskelevene på fransk kafé på Bryne



«Mademoiselle?» Anette funderer på hva hun skal bestille

I Garborgstova i det nye bibliotekbygget på Bryne holder en liten fransk kafé til. Denne kaféen var målet for de seks franskelevene ved Tryggheim v.g.s. og læreren deres en kald februar dag. Benedicte Hide i ISTa forteller:

«En dag i februar dro franskklassen vår og lærer Randi Winger Dahl til Bryne for å spise på en fransk kafé. Vi tok toget til Bryne, og på toget gikk samtalen for det meste på fransk.

Då vi kom frem, ble vi møtt av den franske kokken og servitøren.

Vi fikk et reservert bord, og de franske dekorasjonene fikk oss til å føle at vi satt midt i Paris. Vi bestilte på fransk, maten var fransk og atmosfæren var ganske så fransk.

Vi bestilte Croque Monsieur (ristet brød – men direkte oversatt betyr det noe slikt som knekke-herre), la baguette chaude (varm baguette – NB: uttales 'bagett'), chocolat chaud (varm sjokolade), crème brûlé (karamellpudding), café au lait og les gâteaux français (franske kaker)! Alle var fornøyde med maten, ikke minst med desserten!

Etterpå gikk vi rundt og så på de franske dekorasjonene som hang på veggene, og som var laget av en 6.-klasse fra Bryne.



Her skal det inntas et bedre måltid med fransk mat – og samtales på fransk!



Velkommen til fransk kafé i Garborgsenteret på Bryne!

Vi vil takke vår kule fransklærer som tok oss med på dette, vi hadde det magnifique! Et par dager senere hadde Jærbladet en reportasje om kaféen, og vi siterer derfra: «Eg liker at gjestene i kaféen vil bruke mitt morsmål. Her ein dag var ein fransklærar frå Tryggheim med nokre elevar innom. Dei snakka godt fransk, og det likte eg godt», smiler kaféverten Eric Valentin»

Av Ingrid Vatnar Olsen og Benedicte Hide



Vertskapet er spent på om Ingrid liker desserten

Tryggheimkalender

April

Man. 2. – tirs. 10. Påskeferie
Fre. 13. Tryggheimcupen
Lør. 14. Grand Prix

Mai

Fre. 18. Fridag

Juni

Fre. 15. Avslutningsfest

August

Lør. 18. Skolestart og åpningsfest
Tirs. 28. Start møteuker

TRYGGHEIMHELSING

Redaksjonskomité:

Kjartan Håland (redaktør)
Anne-Berit Gomo Aanestad (redaktør)
Sofie Braut
Ingvar Fløysvik
Bjørg Topnes

e-postadresse: post@tryggheim.no

Kasserar: Aud Bodil Voll
Bladet kostar kr 100,- pr år.
Kontonr.: 3000.23.29626
Trykk: Lura trykkeri AS
Layout: Tubb (Oddbjørn Myklebust)

Vissste du at...



Lena Skattum (AF 97-00) og Svein Olav Sandvik giftet seg 18. juni
Lise Varhaug (HS/PB 03-06) og **Magnus Eilertsen** (AF 03-06) giftet seg 9. juli
Elin Stokkeland (AF 04-07) og Knut Ivar Sirevåg giftet seg 6. august
Therese Goa (AF 07-10) og **Håkon Espeland** (AF 07-10) giftet seg 28. januar

Anne Sunde (AF 04-06) begynte i høst som lærer ved Tryggheim ungdomsskule
Brit Hodne (ST 07-10) reiste i januar til Australia for å arbeide et halvt år med «Ungdom i Oppdrag»
Anette Thingbø (1STb 11-12) vant juniorklassen under Rogaland skyttersamlags mesterskap i januar. I februar ble hun juniormester under skytterstevne i Gjesdal. Så merk dere dette navnet – kanskje er dette en fremtidig skytterprinsesse?

Vi gratulerer med både ekteskapsinngåeler og andre bedrifter!

Dersom dere kjerner noen som bør være med på denne listen, er det flott om dere gir oss melding om det. Send en e-post til aanestad@tryggheim.no eller ring eller skriv til skolen. Vi tar både med opplysninger om inngåtte ekteskap og om tidligere elever som har begynt i en bestemt stilling, reist ut i misjonstjeneste eller utrettet noe spesielt. Tips oss!

Ny medarbeidar



Namn: Sindre André Måen

Alder: 39 år

Bustad: Hinna, Stavanger

Stilling: Lærar på Tryggheim vidaregåande frå nyttår av, i norsk og samfunnsfag.

Interesser: Gud, misjon, mosjon, slekt, vene, reiser, litteratur, film, småfly, gamle motorsyklar, gamle bilar osb.

Tryggheimbasaren 2012



Som vanleg gjekk basaren over to kveldar, onsdag 8. og laurdag 11. februar. Òg i år hadde me fått fleire av dei flotte gevinstane gratis og fått gode tilbod på andre. Med mange ivrige og gode loddseljarar vart hovudlotteriet heilt utselt.

Onsdag tala rektor ved Jærtun lutherske friskule Finn-Widar Knutzen. Han er far til ein elev i første klasse her på Tryggheim og har sjølv vore tilsett ved skulen. Silje Stensland i 1ST var med og song. Det var godt oppmøte, både av elevar og av folk frå bygdene rundt. Det kom inn om lag 27.000 kroner på kveldstrekninga denne dagen. I

pausen varta kjøkkenet opp med lappar og kaffi.

Laurdag slo me basaren saman med ein foreldredag. Foreldre og føresette fekk først snakka med kontaktlærarar, faglærarar og ansvarlege for internatet. Så bar det til kveldsbordet, med karbonadar, egg og mykje anna godt. Klokka sju tok basaren til. Møtesalen var full. Denne kvelden kom Kolbjørn Bø frå Randaberg og tala Guds ord til oss. Regionsungdomskoret var samla her på Nærø til øving, og dei gledde oss med vakker song. På kveldstrekninga vart det selt lodd for 62.000 kroner.

Administrasjonsleiar Kjetil Halvorsen har nok kjent ansvaret tyngja og er glad det heile er vel i hamn. Han vil gjerne takka alle som var med: «Vi er takknemlige for alle som møtte opp og var med og deltok på basarkveldene. Vi retter også en stor takk til alle som er med og selger og kjøper lodd, de som gir oss gevinstene, og de som bidrar på andre måter. Takk til elevlaget som står bak basaren, og lærere som er med og tar i et tak på dugnad.»

Av Ingvar Fløysvik

Gevinstliste Hovedtrekning Tryggheimbasaren 2012

- 1 Gavekort, Bohus, Gerd og Gerhard Frafjord, Dirdal
- 2 Gavekort, SI-Reiser, Kristin Olseth, Nærø
- 3 Gavekort, Expert, Ruth Bodil Aanestad, Varhaug
- 4 Sykkel, Rigmor Sandvik, Jørpeland
- 5 Maleri, Fam. Ånestad (Asalvegen), Nærø
- 6 Høytrykksvasker, Gladys M. Skjærstad, Hommersåk
- 7 Suppeterrin m/8 tallerker, Terje Eng, Skudesneshavn
- 8 Middagservice Maxistrå, Stein Erik Hauge, Nærø
- 9 Gavekort, Fargerike Halvorsen, Trygve Vasvik, Bryne
- 10 Koffert, Astrid Bonden, Mandal
- 11 Våtdrakt, Else Reime, Sandnes
- 12 Våtdrakt, Gerd og Torvald Kjetilstad, Suldalsosen
- 13 Gavekort, G-Sport, Klara Auestad, Varhaug
- 14 Glassfat, Anette og Asbjørn Rugland, Vigrestad
- 15 Bestikk Ramona, Justina og Toralf Rugland, Vigrestad
- 16 Tinnysestaker, Magnhild Sørø, Rennesøy
- 17 Trøotraktor, Astri Pettersen, Sandnes
- 18 Gavekort, Byrkjedal, Synnøve Vadla, Tau
- 19 Hadeland Stettglass, Signe og Peder Idland, Stavanger
- 20 Peacock lysestaker 2 stk, Marta Bergjord, Røyneberg
- 21 Dundyne, Rolf Nilsen, Sandnes
- 22 Gassgrill, liten, Haldis og William Bue, Nærø
- 23 Linduk, Gerd og Sigurd Sandenå, Jelsa
- 24 Juleduk, Rolf Magne og Anne M. Breivik, Hommersåk
- 25 Trillekoffert, Steinar Skretting, Varhaug
- 26 Løvsuger, Solbjørg Høllesli, Forsand

Omgjengelig, humørfylt og hendig

Siden høsten 2007 har Tryggheim Skular vært medeier i idrettsanlegget Nye Loen på Nærø. For kroppsøvingsseksjonen betyddet dette at gymundervisningen kunne flyttes til nye, romslige lokaler med topp moderne fasiliteter og mangfoldige muligheter.



Olav Olseth (44) fra Nærø er Nye Loens joviale ansikt utad og vaktmester i idrettanlegget. Han hører lovord fra samtlige kroppsøvingslærere, som nok er blant dem på Tryggheim som har mest med Olav å gjøre til daglig. Blid, spøkefull og hjelpsom som han er setter han et positivt preg på korridorene i Nye Loen. Handymannen ser også fordeler med å ha Tryggheim inne på eiersiden av foretaket. "Udelt positivt. Etter 4 år med Tryggheim-elever i hallene har det praktisk talt ikke oppstått noen vanske-



ligheter. Elevene fra Tryggheim oppfører seg bra. I tillegg har Tryggheim fått inn en dyktig representant i styret for Nye Loen gjennom Njål Stokka," slår Olseth fast.

Både bygda og Tryggheim har fått uante muligheter gjennom idretsparken Olav holder ved like. Foruten en idrettshall med senkbare skillevegger myntet på innendørsaktiviteter som håndball, volleyball eller innebandy, finnes det også en fullskala ishall klargjort for ishockey, curling og kjelkehockey. I tillegg kommer de mange aktiviteter som ellers kan utøves på glattisen. Styrkerommet er velutstyrt og tiltrekker seg mange som trener der jevnlig, gamle som unge. Utenfor hallen kan det spilles fotball på tre baner. To av disse er kunstgress, mens en er naturgress. Det er også tilrettelagt for friidrettsdisipliner som sprint, høyde, lengde, spyd og kule. I tilknytning til idrettanlegget finnes også en kommunalt drevet idrettshall nummer to og en svømmehall. Her skulle være noe for en hver smak.

"Jeg stortrives i jobben min," sier Olav etter å ha ramset opp noe av alt det Nye Loen har å by på. Han er sosial og liker at det er stor gjennomtrekk av folk på området. Vasking er han imidlertid ikke like begeistret for. "Renhold tilhører vanligvis ikke arbeidsstrukturen til en vaktmester, men siden det er bare jeg som er ansatt i Nye Loen A/S faller også denne oppgaven på meg. Det er nokså omfattende og tidkrevende å skulle rengjøre idrettshallen tre ganger i uka," sier Olav, men smiler lell.

Tryggheim Skular, med kroppsøvingsseksjonen i spissen, vil gjerne rose Olav Olseth for fremragende innsats og imøtekommenhet og samtidig takke vaktmesteren og administrasjonen i Nye Loen for godt samarbeid gjennom fire og et halvt år med fysisk fostring i et flott kompaktanlegg.

Av Kjartan Håland

